



ULLENSVANG BIBLIOTEK

PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Høyringsuttale frå Ullensvang bibliotek

Dei tilsette ved biblioteka i Ullensvang herad hadde oppe høyringsforslaget til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 på møte 21.08.2014. Planen var lest gjennom i forkant.

Dei bibliotektilsette i Ullensvang gjev ros for eit godt stykke arbeid med kulturplanen. Det er ambisiøse mål og med eit godt handlingsprogram. Men trass handlingsplanen, vurderer me planen som mangelfull når det kjem til handling og konkrete mål. At kulturen skal vera ein premiss og ikkje berre noko ”obligatorisk”, er særst viktig. Då er det òg av stor verdi at ein er konkret og ikkje for generell.

Me har konsentrert oss om å gje ei uttale om den delen av kulturplanen som går på bibliotek, og har følgjande å spela inn:

- Forslaget til kulturplan er særst breidt og omfattande også når det gjeld bibliotek. Prioriter meir! Kva er mest viktig for fylkesbiblioteket? Spiss gjerne tiltak og mål, konkretiser og set opp ei prioritert rekkefylgje i den grad det let seg gjera
- Punkt 29 om tilgangen til moderne og attraktive bibliotek: Dette er eit godt mål. Men er det eit mål at ein skal ha eit moderne og attraktivt bibliotek i *kvart* regionsenter/lokalsenter/nærsenter? Kven skal i såfall finansiera det? T.d. i Ullensvang herad, ein kommune med fleire nærsenter på tre sider av fjorden, med fleire filialar og begrensa opningstider og besøkstal, står valet mellom å styrka og utvikla nokre av tenestene eller oppretthalda/skapa eit langt meir avgrensa tilbod i fleire senter. I ei tid med trong kommuneøkonomi, er me sjølvst positive til fylkeskommunen sitt mål, men me ynskjer òg at ein like mykje legg vekt på *tilgjengelege og gode bibliotektenester* for innbyggjarane i kommunane i lokal- og nærsenter. Då kan ein tenkja vidare, men sikra fleire tilgang til gode bibliotekrelaterte tilbod på desse mindre stadene.
Ein fylkeskommunal plan bør vera forplikande. Det er etter vårt syn ikkje tilstrekkeleg å koma med gode tankar og vyar utan å kopla dei til realisme/ha tankar og planar for korleis ein vil oppnå dei. Om me skal ha eit moderne og attraktivt bibliotek i kvart lokal- og nærsenter, vil det for Ullensvang seia om lag ei dobling av talet på noverande bibliotek. Kven skal betala gildet?
- Me står truleg foran omfattande endringar i kommunelandskapet i nær framtid. Dei tilsette ved biblioteka i Ullensvang ynskjer at talet på bibliotek i utgangspunktet skal

oppretthaldast, dvs vera på minimum noverande nivå etter ei kommunesamanslåing. Det vil seia at ein ikkje skal kunna leggja ned bibliotek til det står att eitt i kvar nye storkommune (jfr minimumskravet i biblioteklova), men halda fram med det noverande talet. Og dei må sjølvstøtt vera/verta attraktive og moderne slik kulturplanen står for!

- Modellbibliotek: Definér kva eit modellbibliotek er, og for kven. Skal modellbiblioteket vera ein modell for brukarane, for distriktet/regionen, for fylket eller for landet? For andre? Skal modellbibliotek visa ulike gode måtar å driva bibliotek på? Kva er målet med modellbibliotek?
- Bokbåten Epos har fått plass i planen, og må absolutt vera med. Det er eit godt tilbod for distrikta som sikrar eit minimum av bibliotekteneste til dei utan fast bibliotek!
- Punkt 31 om skulebibliotek: bør meir på dagsorden og forsterkast òg i kommunane. At kulturplanen skriv at born og unge "skal" ha tilgang til gode skulebibliotek, er særst positivt og bør stilla krav til kommunane. Skulebiblioteka si rolle i skulekvardagen og kompetansen til dei tilsette på skulebibliotek er mange stader for dårleg i praksis. Mange skulebibliotek vert stemoderleg handsama, og vert ofte ein salderingspost når ein slit med budsjettet. Med større satsing i kulturplanen og arbeid for fleire krav til premisser for skulebibliotek, kan ein lettare nå måla for endå betre skulebibliotek
- Punkt 32 om digitale ressursar: Måla er gode, men kostnadskrevjande m.o.t. digitalt utstyr, og krev mykje kompetanse hjå dei tilsette i biblioteket. Tid og pengar til ressursane og kompetanseheving kan ikkje takast i eksisterande budsjett og arbeidstid, men må løyvast ekstra pengar til. Frå kven?
- Punkt 34 om forpliktande samarbeid er uhyre viktig og bør forsterkast ytterlegare. Det regionale samarbeidet er uvurderleg for mange, spesielt dei mindre distriktsbiblioteka. Ved å satsa enno meir på det regionale samarbeidet, vil ein betre og raskare kunne oppfylle dei nye krava i biblioteklova (uavhengig møtestad, debattarena, livslang læring), utnytta dei tilsette i regionen sin ulike kompetanse, sikra ein viss mengde arrangement, og bidra til at biblioteka vert enno meir innovative. Eit regionalt samarbeid vil òg styrka det auka kravet til formidling i biblioteka, -både i form av arrangement og utadretta verksemd, og med tanke på digitale ressursar. Å vera ein del av eit større miljø, ser me som ein stor suksessfaktor.

Når dette er sagt, vil me gjenta rosen for ein flott kulturplan! Sjølv om me etterlyser spissing og konkretisering, er me sjølvstøtt innforstått med at ein 10-årsplan må ha vyer og rom for store tankar! Me ynskjer lukka til med vidare arbeid.

Kinsarvik, 16.09.2014

Erika Alnæs
-biblioteksjef-